

VESTSKOG SA
Skulegata 11A
5700 VOSSDato: 01.06.2017
Vår ref.: 2017/1522-13
Saksbehandlar: jomragn
Deres ref.:

Att. Finn Olav Myhren

Tilsegn om tilskot til viltformål 2017 – Forvaltning av hjortebestand 2013–2017

Det vert vist til dykkar søknad på den statlege ordninga om tilskot til viltformål (kap. 1425 post 71). Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling, i møte 16.05.2017.

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 200 000 til prosjektet Forvaltning av hjortebestand 2013–2017.

Tilsegna gjeld til: 01.06.2018.

Søknaden sitt referansenummer i Elektronisk søknadssenter ved Miljødirektoratet: 17SB9112.

Lenkje til saksframlegg med søknadsvurdering: <http://bit.ly/2q75Bui>

Lenkje til saksprotokoll (vedtak): <http://bit.ly/2qcTzeV>

1 Prosjektgrunnlag

Prosjektet starta i 2013 og er i 2017 inne i sitt femte og siste prosjektår. Prosjektet legg til rette for etablering av grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandar gjennom bestandsplanlegging. Bestandsforvaltning skal vere hovudregelen ved forvaltning av hjort og elg, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-478 til hjorteviltforskrifta.

Vi legg til grunn den opphavlege søknaden om tilskot til prosjektet i 2013. Vi legg til grunn opplysninga i søknaden om tilskot i 2017 om at arbeidet i 2017 vil vere prosjektaktivitet for å utarbeide bestandsplan og vedtekter for samarbeid i bestandsplanområde.

2 Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg: Vestskog SA, Org.nr. 989050605

Prosjektleder/kontaktperson: Finn Olav Myhren

3 Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Godkjende kostnader

Løn (eigen)	kr	100 000
Løn (leigd)	kr	200 000
Sum	kr	300 000

Godkjend finansieringsplan

Udekkja	kr	100 000
Hordaland fylkeskommune 2017, ansvarsområde 160.404	kr	200 000
Sum	kr	300 000

4 Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad/prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgeivar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>.

Rapportering

- Mottakar av tilskot skal innan søknaden om sluttutbetaling levere sluttrapport og sluttrekneskap i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, jf. krav i [Forskrift om tilskudd til viltformål § 4](http://lovdata.no/forskrift/2014-11-25-1568/§4) (<http://lovdata.no/forskrift/2014-11-25-1568/§4>).
- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport og signert sluttrekneskapsskjema til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt. For tilsegn over kr 100 000 skal sluttrekneskapsskjemaet vere attestert av revisor.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
 - ◇ Bakgrunn for prosjektet
 - ◇ Mål med prosjektet
 - ◇ Oppnådde resultat
 - ◇ Vurdering mot oppsette mål
 - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon med vidare)
 - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

Utbetaling

- Når sluttrapport og signert rekneskapsskjema er sendt, må de sende Hordaland fylkeskommune ein faktura på tilskotsbeløpet de ber om utbetaling av.
- Fakturaen skal sendast elektronisk i EHF-format.
 - Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367
 - Aksesspunkt: Visma

Merking av faktura

- Saksnummer: 2017/1522-13
- I feltet «Deres referanse»: 16534

Meir informasjon finn de her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

5 Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingreglement §10.

6 Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

7 Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Jomar Ragnhildstveit, jomar.ragnhildstveit@hfk.no, telefon: 976 66 576.

Fylkeskommunen ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.

AKSEPTSKJEMA for Tilskot til viltformål 2017

Prosjektnamn: Forvaltning av hjortebestand 2013-2017	Tilsegnnummer: 2017/1522-13
Tilskot inntil kr: 200 000,-	
Tilskotet gjeld til: 01.06.2018.	Vår referanse: 2017/1522-13

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon: _____ E-postadresse: _____

Org. nr.: _____ Kto.nr.bank/post: _____

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signatur:..... Stad:..... Dato:.....

Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

